

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		26.10.2021
Fylkesutvalet		09.11.2021
Fylkestinget		15.12.2021

Disponering av overskytande bompengar – fv. 500 Halsnøysambandet

Forslag til innstilling:

1. Overskytande bompengar frå Fv. 500 Halsnøysambandet, kr 25.300.000 inklusive meirverdiavgift, vert foreslått disponert slik i prioritert rekkefølgje:
 - Prosjekt 1 – Mogelegeheitsstudie fv. 500 Tofte – Ranavik
 - Prosjekt 2 – Fv. 500 Busslomme med avkjørsle til Heio
 - Prosjekt 3 – Fv. 5052 Busslommer «Landamarka»
 - Prosjekt 4 – Fv. 5048 Busslomme/snuplass «Postbrekko» Høylandsbygdvegen
 - Prosjekt 5 – Fv. 500 Tofte – Ranavik – punktutbetring; vegbreidde og kurvatur.
2. Prosjekt 5 vert tilpassa dei resterande midlane, og ein vil såleis halda seg innafor ramma. Realisering av tiltaka er planlagt i perioden 2022-2023.
3. Prosjektet er innarbeidd i framlegg til budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025, investeringsprogram fylkesveg 2022-2025, som vert handsama i fylkestinget parallelt med denne saka.

Samandrag

Vestland fylkeskommune har fått utbetalte 20,5 mill. kr som overskytande bompengar frå Halsnøysambandet, som skal brukast til tiltak i nærliggjande område. Med tillegg av meirverdiavgift er det 25,3 mill. kr til disposisjon.

I denne saka foreslår fylkesdirektøren at det vert utført ein mogelegeheitsstudie for strekninga Fv 500 Tofte – Ranavik. Vidare foreslår ein å byggja busslommer og ein snuplass på tre ulike stader i området. Resterande midlar, grovt rekna til 20 mill. kr, vert brukte til utbetring av svingar og breiddeutviding mv. på strekninga fv. 500 Tofte – Ranavik.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Dina Johanne Lefdal
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen håndskrivne underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Bompengeinkrevjinga for Halsnøysambandet vart avslutta 05.09.2019, då staten betalte ned bompengelånet. Etter oppgjerset stod det att kr 20.549.600, som er utbetalt til Vestland fylkeskommune og avsett til bunde fond.

I følgje bompengeavtalen skal overskytande bompengar «nyttes til tiltak i nærliggende område».

Etter påslag for meirverdiavgift er tilgjengeleg brutto investeringsramme sett til kr 25.300.000.

Kvinnherad kommune sitt forslag

Det har vore ein dialog mellom Kvinnherad kommune og fylkeskommunen om bruk at desse midlane.

Kvinnherad kommune gjorde følgjande vedtak den 02.02.2021 i Plan-, teknikk- og miljøutvalet:

«I høve bruk av unytta bompengemidlar (20,6 MNOK), føreslår Kommunedirektøren aktuelle tiltak slik:

- o «Sæbøvikbrekko», gjennomføring av mogelegheitsstudie, og etter dette forslag om tiltak i dialog med NVE. Aktuelle tiltak er siktutbetring, autovern, møteplassar, flytting av gåande/syklande til kommunal «Sæbøvegen». Fjerning av kvit «Ruglestripe».
- o Busslommer «Landamarka».
- o Busslomme/snuplass kryss «Postbrekko»/Høylandsbygdvegen.
- o Punktutbetring generelt fylkesvegar Halsnøy
- o Ekstra vegutbetring i høve bygging av GS veg Sæbøvik – Eidsvik som ligg som eige tiltak i «Kvinnheradpakken».

Det er mange utfordringar ved gjennomføring av trafikksikringstiltak på Halsnøy, bl.a. kvikkleireproblematikk i «Sæbøvikbrekko». Derfor er det ynskjeleg med eit handlingsrom til å gjennomføra tiltak i høve kva som faktisk lar seg realisera. Tiltaka vert gjennomført av fylkeskommunen i samarbeid med Kvinnherad kommune».

Vedtakskompetanse

Fylkestinget har vedtakskompetanse i budsjettsaker.

Vurderingar og verknader

Avdeling for Infrastruktur og veg har vurdert desse tiltaka vidare. Det vert lagt opp til porteføljestyring i prosjekt 5, og utbygginga vert såleis tilpassa den økonomiske ramma. Følgjande tiltak vert tilrådd::



Prosjekt 1 – Mogelighetsstudie Sæbøvikbrekko: Estimert kostnad 0,3 mill. kr.

Resultatet av mogelighetstudien skal resultera i forslag til punktutbetring på strekninga fv. 500 Tofte – Ranavik, jamfør prosjekt 5.

Prosjekt 2 – fv. 500 Busslomme med avkjørsle til Heio. Estimert kostnad 0,5 mill. kr.

Prosjekt 3 – fv. 5052 Busslommer «Landamarka». Estimert kostnad 2, 5 mill. kr

Prosjekt 4 – fv. 5048 Busslomme/snuplass «Postbrekko» Høylandsbygdvegen. Estimert kostnad 2 mill. kr

Prosjekt 5 – Fv 500 Tofte – Ranavik – punktutbetring, vegbreidde og kurvatur. Restmidlane blir brukt her og vert tilpassa totalramma. Anslag ca. 20 mill. kr inklusive mva.

Økonomi: Ingen verknad. VLFK har fått overført overskytande bompengeinntekter som skal nyttast i tråd med bompengeavtalen.

Klima: Liten verknad. Opprusting og vedlikehald av fylkesvegar medfører noko klimagassutslepp, men tiltaka vil gjera fylkesvegen betre rusta for framtida.

Folkehelse: Liten verknad. Bygging av busslommer og utbetring av veg vil gi betre trafikktryggleik, og indirekte betre folkehelse og livskvalitet.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Liten verknad.

Konklusjon

Tiltaka har vore drøfta med Kvinnherad kommune, og deira innspel er for ein stor del tatt til følgje. Fylkesdirektøren vil foreslå dei overskytande bompengemidlane vert brukt til tiltaka slik det går fram av saka.